



Innkalling til Formannskapet

Møtedato: 19.03.2014
Møtestad: formannskapssalen
Møtetid: 16:00

Formannskapsmedlemmene vert med dette kalla inn til møtet. Den som har lovleg forfall, eller er ugild i nokon av sakene, må melde frå så snart råd er, tlf. 56171000, slik at varamedlem kan verta innkalla.

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

Sakliste

Saknr	Tittel
20/2014	Godkjenning av innkalling og sakliste
21/2014	Godkjenning av møtebok
22/2014	Referatsaker
23/2014	Aktuelle saker
24/2014	Orientering av rådmannen
25/2014	Økonomisk rapportering februar 2014
26/2014	Status investeringar 2014 med budsjettjusteringar
27/2014	Kommunestruktur - vidare prosess
28/2014	Høyringssvar - Rapport frå arbeidsgruppa som har vurdert brann- og redningsvesenet si organisering og tidsbruk
29/2014	Områderegulering Frekhaug sentrum

26. mai 2016

Nils Marton Aadland
ordfører

Randi Helene Hilland
konsulent

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Randi Helene Hilland		14/1190

Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksopplysningar:

Framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Randi Helene Hilland		14/1190

Godkjenning av møtebok

Saksopplysningar:

Framlegg til vedtak:

Møtebok frå møte 12.02.14 vert godkjent.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Randi Helene Hilland		14/1190

Referatsaker

Skriv og meldingar:

Saksnummer	Tittel
22/2014.1	14 000 bygdekviner krever sterkare vern av matjorda
22/2014.2	Vil du bidra til å kurere kreft?
22/2014.3	Høringsuttalelse til Brannstudien fra Bergensalliansen 170214
22/2014.4	Søknad om driftstøtte for 2014
22/2014.5	Kopi av skriv sendt til Knust i offentlege rom (Koro) - Søknad om tilskot til minnesmerke over Ivar Aasen
22/2014.6	Tilbod om medlemskap i Trygg Trafikk

Framlegg til vedtak:

Meldingane vert tekne til orientering.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Nils Marton Aadland		14/1190

Aktuelle saker

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Ingvild Hjelmtveit		14/1190

Orientering av rådmannen

Framlegg til vedtak:

Formannskapet tek orienteringane til etterretning.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Per Inge Olsen		14/1183

Økonomisk rapportering februar 2014

Vedlegg:

1-Sum status regnsk-bud pr 28-02-14

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Rådmann skal kvar månad legge fram rapport som syner budsjettstatus. Så tidleg i året er det normalt vanskeleg å estimere avvik på lønspostar og andre kostnadspostar ut frå forbruk hittil i år. Det er difor ikkje teke med rekneskapstall påløpt pr februar i det heile, berre oppdatert prognose for året 2014.

Avviksrapporteringa for februar er difor avgrensa til ei oppsummering av område der føresetnadane som låg til grunn for budsjettpostar eller budsjettområde er endra. Ordinære avvik skal dekkast inn innanfor eksisterande rammer som tenesteområdet er tildelt. Vedlagte tenesterapportering frå drifta pr 28. februar syner likevel allereie no eit betydeleg positivt budsjettavvik for 2014 med til saman kr 15,9 mill.

Viktigast er at vi ser ut til å få eit godt resultat for 2013, noko som inneber at vi ikkje har trong for avsetninga til udekkta underskot i budsjettet for 2014 på kr 13,8 mill. Samstundes ser vi at skatteinngangen og inntektsutjamninga i sum vert kr 2,1 mill. lågare enn budsjettet, i hovudsak som følgje av lågare folketal pr 1. januar 2014 enn lagt til grunn i budsjettet. Eigedomsskatten ser ut til å kunne bli kr 0,5 mill høgare enn budsjettet, og i sum kjem vi på finansområdet ut med ei meirinntekt på kr 12,2 mill.

Det andre området der vi ser at vi får eit større mindreforbruk i forhold til budsjett er på tilskot til private barnehagar. Området er fortsatt usikkert, men vi ligg førebels an til innsparing på kr 4,2 mill. I budsjettkommentaren for 2014 signaliserte vi ein forskjell på kr 10 mill mellom to alternative utrekningsmodellar for tilskotet, avhengig av kva driftsår i den kommunale barnehagen vi skulle legge til grunn. At vi ikkje når ei innsparing på kr 10 mill når det økonomisk beste alternativet for kommunen vart gjeldande, skuldast at barnetala både i den kommunale barnehagen og i dei private pr 15.12.2013 avviker frå det som var lagt til grunn i budsjettet. I tillegg hadde vi ikkje budsjettet pensjonskostnadane rett i modellen for å rekne ut tilskotssatsen til dei private barnehagane.

Andre tenesteområde rapporterer så langt at drifta går ihht. budsjett, unnateke på Grasdal skule der tilsetting av ein ekstra lærar vil føre til at kommunen får eit meirforbruk for 2014 med kr 0,5 mill.

Sjølv om tenesteområda forøvrig så langt ser ut til å kunne gå i balanse, er det likevel generelt tronge driftsrammer også i 2014, og tiltak bl.a. innan Helse er sett i verk for å redusere drifta. Nokre

tenestoområde, mellom anna Rossland skule, varslar at dei ifrå neste skuleår (hausten 2014) kan få trong for auka budsjetttrammer slik det ser ut no. Administrasjonen vil utgreie slike saker nærare før ein konkluderer.

Vurdering

Saka her ikkje direkte konsekvensar på Folkehelse og Miljø.

Framlegg til vedtak:

Budsjett rapport med prognose for 2014 vert teken til vitande

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Per Inge Olsen		14/1199

Status investeringar 2014 med budsjettjusteringar

Vedlegg:

Detaljert budsjett og regnskap Meland sjukeheim pr 28.02.2014
Oppsummering investeringar 2013+2014

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Vedlagt følgjer rapport over alle investeringar utført i 2013 (tala er førebels så lenge rekneskapen ikkje er revidert) og prognose for 2014 med framlegg til budsjettendringar. Utgangspunktet for å fremje saka er at det er naudsynt å gjere vedtak om budsjettendringar i 2014 på prosjekt som er påbegynt, men ikkje ferdigstilt i 2013. Det største av desse er prosjekt nr 370, utviding Meland Sjukeheim, sjå eige vedlegg med oppsummering av rekneskap og prognose pr 28.02.2014.

Rapporten syner at vi i 2013 har investert for kr 57,5 mill samanlikna med eit budsjett på kr 52,4 mill. Dette inkluderer prosjekt 910 startlån som vert ført i investeringsrekneskapen. I 2014 har vi budsjettert med kr 23,8 mill i investeringar. Av desse er kr 3,3 mill til ordinære driftsmiddel, kr 10,4 mill til vassverk og avlaup, medan vi har kr 10,1 mill til startlån og andre kapitalinvesteringar.

Alle investeringar i budsjettet for 2014 vart forutsett å vere netto ekskl. mva. Vi må budsjettere brutto, og det er såleis trong for å korrigere budsjettet for 2014 med å auke investeringsrammene og ta med momsrefusjon som finansiering.

Sjukeheimsutbygginga er budsjettert å koste kr 34,02 mill. Vedlagte rapport syner at vi vil halde denne budsjettamma (sjå kolonna kalla Prognose sum). Prosjektet var budsjettert å vere ferdig i 2013, men prognosen viser at kr 11,989 mill vert forskjøve til 2014. Vi får kr 12,3 mill i refusjon, mva-refusjonen vert på kr 5,7 mill, vi har budsjettert med kr 1,0 mill i bruk av kapitalfond, og lånebehovet netto vert 15,0 mill, noko lågare enn opprinneleg rekna med.

Vurdering

Ingen konsekvens for Folkehelse eller Miljø.

Konklusjon

I vedlegg med totaloppsummeringa for 2013 og 2014 er det i kollonna 2014 – ny Budsj.endr. gjeve framlegg til å auke investeringsramma til driftsrelaterte investeringar med kr 12.960.000,-. Auke i

investeringsbudsjettet til vassverk og avlaup er kr 3.950.000,-. Sum auke er kr 16.910.000,-.

Dette er finansiert med auke i momsrefusjon med kr 3.186.000,-, auke i lånemidlar med kr 8.062.000,-, tilskot med kr 4.652.000,- (fordeling mellom 2013 og 2014 av tilskot til utbygging av sjukeheimen), og til slutt bruk av kapitalfond med kr 1.010.000,-.

Dette kan oppsummerast i tabellen under:

Prosj.	Framlegg til budsjettendringer på følgjande prosjekt :	Gjeldande invest. budsj 2014	Auke i budsjett 2014	Sum oppd. Budsjett 2014	Kommentar til budsjettendringar 2014
	Driftsrelaterte prosjekt:				
101	IKT	1 000	250	1 250	Momsrefusjon ført brutto
256	IKT SKULAR	290	70	360	Momsrefusjon ført brutto
370	MELAND SJUKEHEIM		11 990	11 990	Sjå eigen utgreiing / kommentar
760	ASFALTERING KOMM. VEGAR	700	175	875	Momsrefusjon ført brutto
761	TRAFIKKSIKRING	300	75	375	Momsrefusjon ført brutto
762	KOMMUNALE BYGG	1 000	250	1 250	Momsrefusjon ført brutto
778	GANGBRU MJÅTVEITVEGEN		150	150	Ekstrakostnader, ferdiggjering av prosj. i arbeid 31.12.2013. Inkl. moms kr 30.000,-.
	Sum driftsrelaterte prosjekt:	3 290	12 960	16 250	
	Vassverk og avlaup:				
619	VASSVERK KÅRBØ - LANDSVIK		150	150	Ferdiggjering av prosjekt i arbeid pr 31.12.2013
621	VASSLEDN. TVEIT-VALDE-BRAKSTAD	500	250	750	Midlar budsjettet, ikkje brukt 2013 - flyttast til 2014
637	AVLAUPSANERING BRAKSTAD		250	250	Prosjektet budsjettet 2013, ikkje starta opp. Oppstart i 2014 med deler av prosjektet
639	SLAMAVSKILLAR ORRHØYEN	2 000	1 000	3 000	Prosjektet vert dyrare enn rekna med. Sjå nedanfor for kommentar
640	UTSLEPP EIKELAND	1 800	1 500	3 300	Midlar budsjettet, ikkje brukt 2013 - flyttast til 2014
659	SANERING MARKAVEGEN	2 500	500	3 000	Prosjektet vert dyrare enn rekna med. Usikkerheit knytt til trasè for sjøleidning grunna inispiserte
	UTSLEPP HOLMEKNAPPEN		300	300	Framskunding av utgreiing av prosjektet
	Sum vassverk og avlaup:	6 800	3 950	10 750	
	Sum alle investeringar:	10 090	16 910	27 000	
	Finansiering:				
	Momsrefusjon		3 186	3 186	
	Lånemidlar	10 090	8 062	18 152	
	Tilskot		4 652	4 652	
	Kapitalfond		1 010	1 010	
	Sum finansiering:	10 090	16 910	27 000	

Framlegg til vedtak:

Investeringsbudsjettet for 2014 vert auka med til saman kr 16.910.000,- fordelt på prosjekt og finansiert som spesifisert i tabellen over (berre prosjekt med endring er teke med).

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Ingvild Hjelmtveit		14/1135

Kommunestruktur - vidare prosess

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Hausten 2010 gjorde kommunane (Fedje har kopla seg på etterpå) vedtak om at ein ynskjer å delta i felles utgreiing om framtidig kommunestruktur i Nordhordlandsregionen og oppmodar Regionrådet til å stå for prosessen med utgreiinga. Bakgrunnen for dette var at behovet for interkommunalt samarbeid auka på fleire område, t.d. innanfor helse ved Samhandlingsreforma. Generelt auka behov for samarbeid gjorde at spørsmålet om endring i kommunestruktur igjen vart eit aktuelt spørsmål. Regionrådet har følgd opp dette i møte 23.09.11 der ein ber om at det vert søkt om midlar til prosjektet slik at ein kan drive det vidare. Det er no utarbeida to rapportar av Telemarkforskning som gir eit grunnlag for om ein ynskjer å delta i vidare utgreiing om eventuell kommunesamanslåing.

Utgreingar som er gjort så langt

Rapport 1- Nye samhandlingsreformer og strukturendringar i Nordhordland

Denne rapporten vart lagt fram i juni 2013. Rapporten ser på dei regionale utviklingstrekk kva gjeld befolkningsutvikling historisk og framskrive, reiseavstandar og næringsutvikling. Den ser også litt på endringar i kommunale oppgåver dei siste åra, der samhandlingsreforma står sentralt.

Det er vurdert tre ulike alternativ til kommunestruktur.

- Fortsette som i dag med 9 sjølvstendige kommunar og ha ulike samarbeidstiltak.
- Samanslåing av alle dei 9 kommunane
- Samanslåing av to eller fleire kommunar

Rapporten seier at alle desse alternativa kan veljast. Dersom ein ønskjer å fortsette som i dag så må samarbeidet mellom kommunane få ei meir einsarta styring. Dette for å sikra at den politiske og demokratiske dimensjonen vert betre ivaretatt. Full samanslåing av alle kommunane vil vera det som gir mest robuste fagmiljø på fleire tenesteområde. Dersom ein går for eit slikt alternativ, vert det rådd til at ein må ha desentraliserte løysingar.

Til slutt i utgreiinga ligg det forslag til vidare prosess om kommunestruktur i Nordhordland.

Regionrådet slutta seg til tilrådinga i rapporten og bestilte ein rapport – fase 2 i arbeidet med kommunestruktur i Nordhordland. Denne rapporten vart lagt fram i desember 2013.

Rapport 2 – Nordhordland kommunestruktur (TF rapport 331)

I denne rapporten er tre utviklingsbanar for Nordhordland vurdert:

- Fortsette som i dag som sjølvstendige kommunar og utstrakt interkommunalt samarbeid

- Tradisjonell kommunesamanslåing der to eller tre kommunar slår seg saman
- Full samanslåing av alle (dei fleste) kommunane – til ein regionkommune

Desse tre alternativa er vurdert opp i mot følgjande kriterium:

Økonomi

Dei første 15 år etter ein kommunesamanslåing vil gje lita endring i frie inntekter, medan ein deretter vil få mindre inntekter enn kommunane kvar for seg. Ein større kommune kan verta meir effektiv og dersom det vert realisert kan det gje netto innsparing. Regjeringa har elles signalisert at det vil koma endringar i inntektssystemet som gjer det meir fordelaktig å slå seg saman.

Tenesteproduksjon

Når ein skal sjå på organiseringa av tenestene i ein større kommune, må det vurderast ulike alternativ der behovet for sentralisering og desentralisering vert vurdert opp i mot kvarandre. Dei fagområda som i dag er små kan bli større og meir robuste, og i større grad møta framtida si behov for kompetanse.

Lokaldemokrati

Dersom ein vel samanslåing, må det sjåast på kva som kan gjerast for å vitalisere lokaldemokratiet, som storleik på kommunestyre, utvalstruktur osv. Satsar ein på utvikling av det interkommunale samarbeidet må det også sjåast på korleis det demokratiske perspektivet kan ivaretakast betre.

Samfunnsutvikling

Ein kommunesamanslåing kan føra til at regionen vert oppfatta som meir slagkraftig og meir tydeleg utad. Dersom nye oppgåver skal løysast av kommunane, vil ein større kommune sannsynleg vera betre i stand til å ta i mot dei, og ein vil sannsynlegvis heller ikkje få overført oppgåver frå stat og fylkeskommunane utan at kommunane er store og robuste. Ei utfordring i ein større kommune vil vera at veksten i regionen er svært ulik, frå stagnasjon til område med vekst i «Norgestoppen». Det vil difor bli ei stor oppgåve å få til vekst i heile regionen. Samstundes vil eit tydeleg regionsenter kunne trekka til seg oppgåver og arbeidsplassar som vil koma heile regionen til gode. Eit regionalt Helsehus vil vera eit riktig og viktig steg.

Me viser til rapporten og tilrådingar om vidare prosess.

Signal frå sentralt hald

Signala frå den nye regjeringa er at dei ønskjer ei endring i dagens kommunestruktur som i hovudsak vart bestemt for 50 år sida, og som baserer seg på politiske diskusjonar frå 1950-talet. Arbeidsoppgåvene til kommunane har endra seg betrakteleg og det har vore gjennomført store og omfattande reformer. Vidare har samferdsle og kommunikasjonar endra seg dramatisk og me har i dag ein digital teknologi som legg store føringar for tenester og kommunikasjon. Regjeringa har nyleg sett ned eit ekspertutval som skal koma med sin første rapport 24. mars. Vidare forventar ein å få meir tydelege signal på kva regjeringa ønskjer seg og kva verkemidlar som vil bli brukt i kommuneproposisjonen i mai.

Vegen vidare

Det var i utgangspunktet tenkt to løp vidare som kommunane kunne velje mellom:


- Utgreiingsløpet – samanslåing av alle ni kommunane eller ulike konstellasjonar mellom to eller fleire kommunar
- Samarbeidsløpet – fortsette med den struktur ein har i dag og utvikla samarbeidet, men dette vil ikkje bli utgreidd vidare før ein ser resultatata av utgreiingsløpet.

Ut frå dei styringssignala som så langt har kome frå sentralt politisk hald, meiner Telemarksforsking at det er rimeleg å tru at samarbeidsrelasjonsløpet er mindre relevant no enn tidlegare. Når

kommunane no skal velja kva dei vil gjera vidare i prosessen, meiner dei difor at kommunane bør velja å gå vidare med utgreiingsløpet. Grunngevinga for dette er at ein då er i tråd med det som ser ut til å bli dei sentralt gitte føringane for kommunereforma. I tillegg vil deltaking i utgreiingsløpet òg vera det alternativet som gjev mest kunnskap om dei moglege alternativa framover. Dei meiner difor at det tidlegare omtala «samarbeidsrelasjonsløpet» bør utgå i den vidare prosessen.

Nordhordland Utviklingsselskap IKS sluttar seg til dette, og me rår kommunane til å velja utgreiingsløpet. Også dei kommunane som er usikre på om dei ønskjer kommunesamanslåing, bør velja dette løpet. Når desse vurderingane skal gjerast, må det vurderast kva me veit i dag og korleis ein trur framtida vil bli. Valet som skal gjerast er langsiktig og den kommunestrukturen me har i dag har vore i 50 år. Dei kommunane som vel å bli med i utgreiingsløpet vil få saka til ny handsaming (fase 2.2) der dei vil få valet om å vera med vidare eller hoppa av prosessen.

Dersom kommunen ser på kommunesamanslåing som uaktuelt, eller der det eventuelt ikkje er aktuelt med samanslåing med andre kommunar i denne regionen, bør dei seia nei til vidare prosess. Evt. framtidig samarbeid, må eventuelt vurderast nærare når resultatet av endeleg samanslåingsprosess er ferdig.



Finansiering

Det vil bli søkt om eksterne midlar til den vidare utgreiinga. Me trur at ved å vera i forkant – og tidleg ute med kommunestrukturprosessen, så vil det vera mogleg å henta inn ekstern finansiering. Fram til no er arbeidet gjort utan å belasta kommunane med ekstra kostnader.

Framlegg til vedtak:

Kommunestyret tek rapportane «Nye samhandlingsformer og strukturendringar i Nordhordland» og «Nordhordland - kommunestruktur 2015 (Avgjerdsgrunnlag for val av vidare prosess - fase 2.1)» frå

Telemarksforsking til orientering. Meland kommune ønskjer å vera med i den vidare prosessen med utgreiing av samanslåing (samanslåingsløpet). Prosessen vil bli tilpassa statlege signal som måtte koma i tida framover.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Ingvild Hjelmtveit		14/1179

Høyringsvar - Rapport frå arbeidsgruppa som har vurdert brann- og redningsvesenet si organisering og tidsbruk

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Arbeidsgruppa som har sett på samla organisering og ressursbruk i Brann –og redningsvesenet, under dette samvirke med andre aktører, har oversendt sin rapport "Brannstudien" til Justis- og beredskapsdepartementet 2. desember 2013. Det er en grundig og god rapport som er oversendt, med oversikt og utgreiing av dagens situasjon, og interessante og til dels banebrytende framlegg til endringer. DSB tilrår at "Brannstudien" sendes ut på en bred høring.

Høyringsfristen er sett til 13. mars, men det vert arbeidd med å få denne lenga til 21. mars.

Brannstudien er så prisiipiellt viktig for kommunane at rådmann vel å leggje fram framlegg til høyringsvar sjølv om fristen for høyring er gått ut. Uttalen er uarbeidd av Brannsjefen og er likelydane for Lindås og Meland kommunar.

Vurdering

Meland kommune er einig i rapporten si betraktning om at brann- og redningsvesenet utgjør ein viktig ressurs for det samla arbeidet med samfunnsstryggleik i kommunen. Brann- og redningsvesenet har viktige oppgåver på det førebyggjande brannvern området og er kommunen sin viktigaste operative redningsressurs. Også rapporten sin konklusjon om føremoner med større fagmiljø (då spesielt førebyggjande), auka kompetanse og sterkare samarbeid på tvers av kommunegrensar, blir støtta av Meland kommune.

Meland kommune meiner brannstudien har for mykje fokus på store einingar og for lite på vidareutvikling av eksisterande organisering. Meland kommune kan ikkje sjå at det er grunnlag for å tru at så store fylkesvise einingar som anbefalas av arbeidsgruppa vil føre til eit bedra brann- og redningsvesen. Meland kommune sluttar seg difor ikkje til tilrådinga frå arbeidsgruppa om fylkesvise brann- og redningsvesen. Meland kommune meiner brann- og redningstenesta framleis skal vere ei kommunal teneste og meiner brannstudien legg for lite vekt på dei grunnleggjande prinsippa i viktig samfunnsstryggleik og beredskapsarbeid: prinsippa om ansvar, nærleik, likskap og samvirke.

Branntenesta er tufta på nærleik, mens det ved fylkesvise einingar er fare for at administrasjonsledd og toppleiinga vert opplevd som fjernt for brukaren. Den enkelte

kommune risikerer også å få et meir perifert forhold til og mindre høve til å påverke sitt eget brann- og redningsvesen. Det bør derfor være opp til den enkelte kommune å drifte brann- og redningsvesena i samsvar med det lovverk som ligg føre. Eit lokalt forankra brannvesen, er særst viktig for å kunne utnytta lokale ressursar, når ein skal byggja opp og drifta eit godt brannvesen, og når ein skal handtera ulike hendingar.

Vi meiner Lindås og Meland brannvern ivaretek desse grunnleggjande prinsippa slik Lindås og Meland brannver og Nordhordland interkommunale branntilsyn er organisert i dag. Meland kommune ynskjer derfor ikkje å delta i et pilotforsøk om et felles interkommunalt brann- og redningsvesen for Hordaland.

Folkehelse

Trygge lokalsamfunn er viktig for god folkehelse. Eit fagleg godt lokalt brannvern vil difor vere positivt for folkehelsa i regionen.

Miljø

Det er ikkje vurdert om denne innverknad på miljø i dette høyringssvaret

Økonomi

Det er ikkje vurdert kva endra organisering av brannvernet har å seie for kommuneøkonomien. Lokalt brannvern gjer det truleg lettare for kommunane å styre økonomien. Det er utarbeidd samfunnsøkonomisk analyse i tilknytning til brannstudien.

Konklusjon

Meland kommune ser seg best tent med å framleis ha eit lokal forankra brann og redningsvesen.

Link til KS/NTNU rapport: http://www.ks.no/PageFiles/53967/Rapport%20Framtidens%20brann-%20og%20redningsvesen%20endelig_WEB.pdf?epslanguage=no

DSB sin brannstudie: http://www.regjeringen.no/pages/38565263/Brannstudien_desember-2013.pdf

Samfunnsøkonomisk analyse av brannstudien:

<http://dsb.no/Global/Brannvern/Dokumenter/Rapport%2026-2013%20Samfunns%c3%b8konomisk%20analyse%20organisering%20brann.pdf>

Framlegg til vedtak:

Meland kommune sluttar seg til høyringssvaret til rapporten frå arbeidsgruppa som har vurdert brann og redningsvesenet si organisering og tidsbruk

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Kristin Nåmdal	FA - L12	14/1181

Områderegulering Frekhaug sentrum

Vedlegg:

Merknad til områderegulering for Frekhaug sentrum - Nytt offentleg ettersyn
Merknad til områderegulering for Frekhaug sentrum - nytt offentleg ettersyn
Merknad til områderegulering for Frekhaug Sentrum - nytt offentleg ettersyn
Uttale til nytt offentleg ettersyn av områderegulering for Frekhaug setrum i Meland kommune
5110108 Føresegner_20 11 13
1073 reguleringsplan Frekhaug sentrum 2013 20 11

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Arbeidet med områdeplan har vore gjennom ein omfattande prosess, med fleire høyringsrundar. Det har vore utfordringar i høve til plassering av kollektivterminal og andre tema i høve til infrastruktur. Etter vedtak i FS 32/13 med høyringsfrist 18 juni 2013, kom det igjen motsegn frå Statens vegvesen. Fylkesmannen i Hordland kalla inn til eit fellesmøte med ulike regionale instansar, for å drøfte det vidare arbeidet med planen og unngå fleire forseinkingar og mottsegn. Planen har etter dette vore omarbeida i høve til plassering av kollektivterminal. Områdeplan for Frekhaug sentrum har vore ute på nytt offentleg ettersyn med høyringsfrist 20.01.2014.

Vurdering

Meland kommune har i det reviderte planframlegget endra på enkelte grep i høve til infrastruktur. I tråd med kommunen sine intensjonar om å få ein framtidsretta, god og realistisk plan.

Det har kome inn få merknader til dette planframlegget.

Uttale til planframlegget:

Frå offentlege instansar:

Statens vegvesen datert 09.01.13

Statens vegvesen har tidlegare hatt mottsegn til planframlegga. Til dette framlegget har dei følgjande merknader, men ikkje motsegn:

Plankart:

Statens vegvesen rår til at byggegrensa langs FV 564, vert 30 meter også i den sørlegaste del av planen, når det gjeld nybygg i områda merka BK og BF2 i plankartet.

Anna veggrunn langs gang og sykkelveg:

Statens vegvesen har tidlegare stilt krav om 1.5 meter veggrunn på begge sider av gang –

og sykkelveg merka GS1.

Dei peiker på at dette ikkje er på plass frå rundkjøringa og nordover.

Statens vegvesen rår til at GS1 i plankartet vert regulert til sykkelveg med fortau, ikkje gang/sykkelveg som i dag.

Gangbru:

Statens vegvesen rår til at gangveg/ bru, vert vist som gangveg i plankartet.

Busshaldeplass:

Busshaldeplassen skal vere tilpassa krav universell utforming.

Føresegner:

Her peiker Statens vegvesen på at det bør i føresegnene presiserast kva gangbru som omfatta rekkefølgjekrava.

Administrasjon si vurdering

Når det gjeld byggjegrænse langs veg vert merknaden delvis teke til følgje. Byggegrensa er i dag sett til 30 meter ved nybygg i område merka BK, den og vert sett til 30 meter også i området merka BF 2 i plankartet.

Når det gjeld merknaden i høve til formålet «anna veggrunn langs gang og sykkelveg» GS1 ynskjer ikkje kommunen å avsetje dette som eige formål mot nord ved rundkjøringa, då dette arealet ligg i ei byggjeforbudsone. Detaljar kring vedlikehald av gang og sykkelvegen, vert avklart i reguleringsplan for området.

Merknaden til planframlegget når det gjeld gangsbu i plankartet vert teke til følgje.

Busshaldeplass:

Krav til universell utforming er ivareteke i planframlegget.

Føresegner:

Her peiker statens vegvesen på at det bør i føresegnene presiserast kva gangbru som er omfatta av rekkefølgekrava. I formannskapssak 118/3 påpeika administrasjonen at det ikkje er ynskjeleg å leie gang og sykkeltrafikk inn på Sagstadvegen. Gangbrua nær Bustølvegen er den mest trafikksikre. For å unngå fleire mottsegn og ytterlegare forseinkingar, rår ein likevel til å knyte rekkjefølgjekrav opp mot gangbru ved rundkjøring. Saka må løysast i detaljregulering av området.

Uttale frå private partar:

Frekhaug Senterforening datert 17.01.14

Frekhaug senterforening er glad for at det no vert ei områderegulering for Frekhaug sentrum, slik at det vert ein meir planstyrt utvikling av sentrum. Dei har ein merknad til planen i høve framtida til dei sjølvstendig næringsdrivande. Dette gjeld til tilkomst til sentrumsområdet merka kombinert formål parkering/ torg.

Dei peiker på at område er avgrensa til ein tilkomst, og at det er utfordrande å kjøre mellom parkeringsplassane. Dei meier dette trafikkbilete vil skape utfordringar for både kjørande og gåande.

Dei peiker på at planen bør opne for større fleksibilitet høve til inn og utkjøring. Dei kjem med framlegg om å markere ei inn- og utkjøring til parkeringsplassen, frå vegen som vender ut mot busslomma, merka KV 2 i plankartet.

B. Hagen eiendomselskap datert 17.01.14

Hagen eiendomselskap ser og utfordringar med parkeringssituasjonen og trafikale løysningar i sentrumskjerna og ynskjer ein ny utkjørsel ved busslomma.

Bjørn Hagen AS 20.01.14

Dei slutter seg til Frekhaug senterforening sitt framlegg. Det er viktig for dei som driv handel at bilistar og gåande har ein sikker tilkomst både ut og inn av sentrumsområdet.

Administrasjon si vurdering

Det skal utarbeidast detaljregulering på delområda i plankartet. Då vil detaljer kring utforming av anlegget bli løyst.

Framlegg til vedtak:

Meland kommunestyre godkjenner i medhald av plan- og bygningslova sin § 12-12, framlegg til områdeplan for Frekhaug sentrum, med planID 125620100004 og følgjande plandokument: Plankart datert 20.11.13 Reguleringsføresegner 20.11.2013